Utdanningsdirektoratet

# Eksamen

06.06.2011

## SAM3023 Rettslære 2

Nynorsk/Bokmål

## Nynorsk

| Eksamensinformasjon | |
|---|---|
| **Eksamenstid** | Eksamen varer i 5 timar. |
| **Hjelpemiddel** | Alle hjelpemiddel er tillatne, bortsett frå Internett og andre verktøy som kan brukast til kommunikasjon. |
| **Bruk av kjelder** | Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal dei alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.<br><br>Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrift eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato. |
| **Vedlegg** | Det er ingen vedlegg. |
| **Informasjon om oppgåva** | Du skal svare på alle oppgåvene. |
| **Informasjon om vurderinga** | Sjå vurderingsrettleiinga med kjenneteikn på måloppnåing til sentralt gitt skriftleg eksamen. Vurderingsrettleiinga finn du på utdanningsdirektoratet.no. |

## Oppgåve 1

Oliver Pedersen er 87 år gammal. Han er sterkt rørslehemma etter ein mislykka kneoperasjon for fem år sidan. Det siste året har han også hatt problem med synet på grunn av grå stær, men han er framleis klar i hovudet. Sidan 2006 har Oliver budd på Solvik bu- og rehabiliteringsheim. Det er Kvindal kommune som eig og driv heimen. Oliver har sitt eige rom som han har innreidd med gjenstandar frå den tidlegare bustaden sin.

Solvik bu- og rehabiliteringsheim legg stor vekt på at bebuarane skal få eit nært og godt forhold til dei tilsette. Det er derfor berre nokre få tilsette som har med kvar av bebuarane å gjere. Ei av de tilsette som tek seg av Oliver, er hjelpepleiaren Gerd Karlsen. Oliver er veldig glad for alt Gerd gjer for han. Han kallar Gerd for solstrålen sin og set spesielt stor pris på at ho éin gong i veka handlar inn for han på Vinmonopolet. Kvar ettermiddag kl. 16 tek Oliver ein dram som ofte blir til to eller tre. Dette er velkjent, men det er ikkje noko problem verken for dei andre bebuarane eller for dei tilsette at Oliver er litt påverka av alkohol kvar ettermiddag.

På rommet sitt har Oliver ei veggklokke som han har arva etter foreldra sine. Klokka er av merket Gustav Becker, og Oliver trur ho er verdifull. Den siste månaden har det vore vanskeleg å få klokka til å gå. Kort tid etter at Gerd har trekt henne opp, stoppar ho. Dette er Oliver lei seg for, han synest lyden frå klokka er så behageleg å høyre på.

Ein ettermiddag Gerd er inne hos Oliver, beklagar han seg over problema med klokka. Han meiner dei bør prøve å få henne reparert. Faren til Gerd dreiv ei urmakarforretning heile sitt yrkesaktive liv. Gerd arbeidde for han i feriane heilt til ho var ferdig utdanna hjelpepleiar. Gerd veit at klokker frå produsenten Gustav Becker kan vere verdifulle antikvitetar. Gerd seier til Oliver at ho ikkje trur det vil lønne seg å reparere klokka. Det finst ingen urmakar i byen lenger, så berre transportkostnadene til nærmaste urmakar vil bli svært store. I tillegg meiner ho at det ikkje er nokon grunn til å reparere klokka ettersom Oliver nesten ikkje kan sjå henne lenger pga. det dårlege synet sitt. Oliver synest Gerd har gode argument, og lurer på kva han da skal gjere med klokka. Gerd foreslår at ho kan kjøpe klokka for kr 1 000. Oliver liker ikkje tanken på å selje arvegodset etter foreldra sine. Han veit også at dottera Turid gjerne vil ha klokka. Henne har han ikkje sett på fleire månader. Oliver vil nødig skuffe Gerd, så han seier ho kan få klokka for kr 5 000. Etter dette seier han at han må ha ein dram til, sjølv om han allereie har teke tre drammar. Etter ein kort diskusjon blir dei einige om at Gerd får kjøpe klokka for kr 4 000.

Gerd reparerer veggklokka sjølv, og ei veke seinare reiser ho til nabobyen og oppsøkjer ei antikvitetsforretning. Ho ber innehavaren om å verdsetje klokka. Han blir svært begeistra når han får sjå klokka, og seier at ho blei produsert i samband med 100-årsjubileet til produsenten, og at det berre blei produsert nokre få. Ei vanleg Gustav Becker-klokke er verdt ca. kr 15 000–20 000, men denne jubileumsutgåva verdset han til kr 40 000. Han har ein kunde som lenge har ønskt å kjøpe ei slik klokke, og byr Gerd kr 40 000. Dette aksepterer Gerd straks.

Ei veke etterpå kjem dottera til Oliver, Turid, på besøk. Ho oppdagar at veggklokka ikkje heng på veggen. Turid blir rasande når ho får høyre at Oliver har selt klokka til Gerd for kr 4 000. Dottera seier at det er meiningslaust. Etter det ho har funne ut, er klokka verdt ein stad mellom kr 40 000 og 50 000. Når Oliver får høyre dette, er han einig med

dottera i at dei må krevje å få klokka tilbake frå Gerd. Gerd nektar for at ho har lurt Oliver, og fortel at ho har selt klokka. Ho innrømmer etter kvart at ho selde henne for kr 40 000, ein pris som var høgare enn ho hadde venta. Oliver meiner da at han har krav på kr 40 000 av Gerd. Gerd er ikkje einig i dette.

- Drøft om avtalen mellom Oliver Pedersen og Gerd Karlsen er bindande.

## Oppgåve 2

Dersom Gerd ikkje betaler kr 40 000 til Oliver, meiner Oliver at Kvindal kommune, som driv Solvik bu- og rehabiliteringsheim, er ansvarleg for å betale beløpet til han. Dette avviser kommunen.

- Drøft om Kvindal kommune har plikt til å betale kr 40 000 til Oliver Pedersen.

## Oppgåve 3

Eitt år etterpå kjøper Gerd Karlsen ei hyttetomt i Dal kommune. Ho sender ein søknad om byggjeløyve til kommunen.

Dottera til Oliver Pedersen, Turid, er leiar for Teknisk avdeling, som behandlar byggjesaker i Dal kommune. Turid har ikkje gløymt episoden mellom faren og Gerd om veggklokka. Ho gir søknaden om byggjeløyve til ein av saksbehandlarane på avdelinga, Guttorm Mo. Turid seier til han at han må sørgje for at søknaden blir avslått. Nokre veker seinare får Gerd dette brevet:

> Vi viser til søknaden din av 22. mars 2011.
>
> Søknaden din om byggjeløyve er avslått.
>
> For Dal kommune
>
> Turid Pedersen — Guttorm Mo
> teknisk sjef — saksbehandlar

Gerd reagerer sterkt på at Turid har hatt noko med byggjesøknaden hennar å gjere. Ho kontaktar kommunen og hevdar at fleire reglar i forvaltningslova ikkje er følgde ved behandlinga av søknaden.

- Drøft dei rettsspørsmåla oppgåva reiser.

## Oppgåve 4

Hagesenteret i Kvindal er med i hagesenterkjeda Grønt og billeg. Eigaren av Hagesenteret i Kvindal har bestemt seg for å leggje ned butikken. Han har derfor billegsal på alle varene, mellom anna hagemøblar.

Lise Ask oppsøkjer Hagesenteret for å sjå om ho kan finne eit bord til terrassen sin. Ho finn eit bord som er 3 meter langt. Det er svært eksklusivt og kosta tidlegare kr 15 000. No er prisen sett ned 70 % til kr 4 500. Lise liker bordet veldig godt og kontaktar ein ekspeditør. Lise seier at ho vil kjøpe bordet, men at ho ikkje kan få teke det med seg i dag. Ho skal låne ein bil med tilhengarfeste og kan hente bordet neste dag. Lise ber ekspeditøren notere i bestillingsboka at ho skal hente bordet dagen etter. Det er greitt, men ettersom dei berre har nokre få bord igjen av denne typen, seier ekspeditøren at Lise må betale kjøpesummen no dersom ho skal vere sikker på å få bordet. Lise betaler derfor kr 4 500.

Neste dag kjem Lise for å hente bordet. Da ho nærmar seg staden der bordet stod dagen før, blir ho overraska. Bordet er borte. Ho vender seg til ein av dei tilsette, som viser seg å vere butikksjefen på Hagesenteret. Ho seier ho skal hente eit bord maken til det som stod i butikken i går. Butikksjefen seier da at alle borda av den typen er selde. Lise fortel at ho har kjøpt og betalt eit bord dagen før, og viser fram kvitteringa. Når butikksjefen forstår kva som har skjedd, beklagar han alt og seier at Lise sjølvsagt skal få tilbake pengane ho har betalt for bordet. Dette avviser Lise og forlangar å få eit bord tilsvarande det ho har kjøpt. Butikksjefen beklagar igjen. Han tilbyr henne i staden eit anna bord. Det er 2 meter langt og kostar kr 5 500. Dette kan Lise få mot å betale mellomlegget på kr 1 000. Lise avviser dette og seier at ho skal snakke med broren sin, som underviser i rettslære på Kvindal vidaregåande skole.

Seinare på dagen søkjer Lise på nettet og finn ut at fleire av butikkane i hagesenterkjeda Grønt og billeg har bord tilsvarande det ho har kjøpt, på lager, men alle butikkane sel det til full pris, kr 15 000.

Dagen etter oppsøkjer ho igjen Hagesenteret i Kvindal og gjentek overfor butikksjefen at ho framleis har krav på bordet ho har kjøpt. Ho har snakka med broren, og han seier at her har seljaren ikkje oppfylt plikta si til å levere. Butikken har ansvar for å skaffe henne bordet til den prisen ho har betalt. Butikksjefen meiner at dette er uaktuelt. Det einaste han kan tilby Lise, er at ho kan få tilbake kr 4 500. Ho skal også få ein orkidé som kostar kr 299, som plaster på såret. Lise gjentek at ho har krav på det bordet ho meiner ho har kjøpt.

- Drøft dei rettsspørsmåla oppgåva tek opp.

## Bokmål

| Eksamensinformasjon | |
|---|---|
| **Eksamenstid** | Eksamen varer i 5 timer. |
| **Hjelpemidler** | Alle hjelpemidler er tillatt, bortsett fra Internett og andre verktøy som kan brukes til kommunikasjon. |
| **Bruk av kilder** | Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.<br><br>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato. |
| **Vedlegg** | Det er ingen vedlegg. |
| **Informasjon om oppgaven** | Du skal svare på alle oppgavene. |
| **Informasjon om vurderingen** | Se vurderingsveiledningen med kjennetegn på måloppnåelse til sentralt gitt skriftlig eksamen. Vurderingsveiledningen finner du på utdanningsdirektoratet.no. |

## Oppgave 1

Oliver Pedersen er 87 år gammel. Han er sterkt bevegelseshemmet etter en mislykket kneoperasjon for fem år siden. Det siste året har han også hatt problemer med synet på grunn av grå stær, men han er fortsatt klar i hodet. Siden 2006 har Oliver bodd på Solvik bo- og rehabiliteringshjem. Hjemmet eies og drives av Kvindal kommune. Oliver har eget rom som han har innredet med gjenstander fra sin tidligere bolig.

Solvik bo- og rehabiliteringshjem legger stor vekt på at beboerne skal få et nært og godt forhold til de ansatte. Det er derfor noen få ansatte som forholder seg til hver av beboerne. En av de ansatte som tar seg av Oliver, er hjelpepleieren Gerd Karlsen. Oliver er veldig glad for alt Gerd gjør for ham. Han kaller Gerd for sin solstråle og setter spesielt stor pris på at hun én gang i uka handler inn for ham på Vinmonopolet. Hver ettermiddag kl. 16 tar Oliver en dram som ofte blir til to eller tre. Dette er velkjent, men det skaper ikke problemer verken for de andre beboerne eller for de ansatte at Oliver er noe beruset hver ettermiddag.

På rommet sitt har Oliver en veggklokke. Den har han arvet etter sine foreldre. Klokken er av merket Gustav Becker, og Oliver tror den er verdifull. Den siste måneden har det vært vanskelig å få klokken til å gå. Kort tid etter at Gerd har trukket den opp, stopper den. Dette er Oliver lei seg for, han synes lyden fra klokken er så behagelig å høre på.

En ettermiddag Gerd er inne hos Oliver, beklager han seg over problemene med klokken. Han mener de bør prøve å få den reparert. Faren til Gerd drev en urmakerforretning hele sitt yrkesaktive liv. Gerd arbeidet for ham i feriene helt til hun var ferdig utdannet hjelpepleier. Gerd vet at klokker fra produsenten Gustav Becker kan være verdifulle antikviteter. Gerd sier til Oliver at hun ikke tror det vil lønne seg å reparere klokken. Det finnes ingen urmaker i byen lenger, så bare transportkostnadene til nærmeste urmaker vil bli meget store. I tillegg mener hun at det ikke er noen grunn til å reparere klokken siden Oliver nesten ikke kan se den lenger pga. det dårlige synet sitt. Oliver synes Gerd har gode argumenter og lurer på hva han da skal gjøre med klokken. Gerd foreslår at hun kan kjøpe klokken for kr 1 000. Oliver liker ikke tanken på å selge arvegodset etter sine foreldre. Han vet også at datteren Turid gjerne vil ha klokken. Henne har han ikke sett på flere måneder. Oliver vil nødig skuffe Gerd, så han sier hun kan få klokken for kr 5 000. Etter dette sier han at han må ha en dram til, selv om han allerede har tatt tre drammer. Etter en kort diskusjon blir de enige om at Gerd får kjøpe klokken for kr 4 000.

Gerd reparerer veggklokken selv, og en uke senere reiser hun til nabobyen og oppsøker en antikvitetsforretning. Hun ber innehaveren om å verdsette klokken. Han blir meget begeistret når han får se klokken, og sier at den ble produsert i et begrenset antall i forbindelse med produsentens 100-årsjubileum. En vanlig Gustav Becker-klokke er verdt ca. kr 15 000–20 000, men denne jubileumsutgaven verdsetter han til kr 40 000. Han har en kunde som lenge har ønsket å kjøpe en slik klokke, og byr Gerd kr 40 000. Dette aksepterer Gerd straks.

En uke senere kommer Olivers datter, Turid, på besøk. Hun oppdager at veggklokken ikke henger på veggen. Turid blir rasende når hun får høre at Oliver har solgt klokken til Gerd for kr 4 000. Datteren sier at det er meningsløst. Etter det hun har funnet ut, er klokken verdt et sted mellom kr 40 000 og 50 000. Når Oliver får høre dette, er han enig med datteren i at de må kreve å få klokken tilbake fra Gerd. Gerd benekter at hun har lurt

Oliver, og forteller at hun har solgt klokken. Hun innrømmer etter hvert at hun solgte den for kr 40 000, en pris som oversteg det hun hadde forventet. Oliver mener da at han har krav på kr 40 000 av Gerd. Gerd er ikke enig i dette.

- Drøft om avtalen mellom Oliver Pedersen og Gerd Karlsen er bindende.

## Oppgave 2

Dersom Gerd ikke betaler kr 40 000 til Oliver, mener Oliver at Kvindal kommune, som driver Solvik bo- og rehabiliteringshjem, er ansvarlig for å betale beløpet til ham. Dette avviser kommunen.

- Drøft om Kvindal kommune har plikt til å betale kr 40 000 til Oliver Pedersen.

## Oppgave 3

Ett år senere kjøper Gerd Karlsen en hyttetomt i Dal kommune. Hun sender en søknad om byggetillatelse til kommunen.

Oliver Pedersens datter, Turid, er leder for Teknisk avdeling, som behandler byggesaker i Dal kommune. Turid har ikke glemt episoden mellom sin far og Gerd om veggklokken. Hun gir søknaden om byggetillatelse til en av saksbehandlerne på avdelingen, Guttorm Mo. Turid sier til ham at han må sørge for at søknaden blir avslått. Noen uker senere får Gerd dette brevet:

> Vi viser til din søknad av 22. mars 2011.
>
> Din søknad om byggetillatelse er avslått.
>
> For Dal kommune
>
> Turid Pedersen — Guttorm Mo
> teknisk sjef — saksbehandler

Gerd reagerer sterkt på at Turid har hatt noe med byggesøknaden hennes å gjøre. Hun kontakter kommunen og hevder at flere regler i forvaltningsloven ikke er fulgt ved behandlingen av søknaden.

- Drøft de rettsspørsmålene oppgaven reiser.

## Oppgave 4

Hagesenteret i Kvindal er med i hagesenterkjeden *Grønt og billig*. Eieren av Hagesenteret i Kvindal har bestemt seg for å legge ned butikken. Han har derfor salg på alle varene, blant annet hagemøbler.

Lise Ask oppsøker Hagesenteret for å se om hun kan finne et bord til terrassen sin. Hun finner et bord som er 3 meter langt. Det er meget eksklusivt og kostet tidligere kr 15 000. Nå er prisen satt ned 70 % til kr 4 500. Lise liker bordet veldig godt og kontakter en ekspeditør. Lise sier at hun vil kjøpe bordet, men at hun ikke kan få tatt det med seg i dag. Hun skal låne en bil med tilhengerfeste og kan hente bordet neste dag. Lise ber ekspeditøren notere i bestillingsboken at hun skal hente bordet dagen etter. Det er greit, men siden de bare har noen få bord igjen av denne typen, sier ekspeditøren at Lise må betale kjøpesummen nå dersom hun skal være sikker på å få bordet. Lise betaler derfor kr 4 500.

Neste dag kommer Lise for å hente bordet. Da hun nærmer seg stedet der bordet sto dagen før, blir hun overrasket. Bordet er borte. Hun henvender seg til en ansatt, som viser seg å være butikksjefen på Hagesenteret. Hun sier hun skal hente et bord tilsvarende det som sto i butikken i går. Butikksjefen sier da at alle bordene av den typen er solgt. Lise forteller at hun har kjøpt og betalt et bord dagen før, og viser fram kvitteringen. Når butikksjefen forstår hva som har skjedd, beklager han det hele og sier at Lise selvfølgelig skal få tilbake pengene hun har betalt for bordet. Dette avviser Lise og forlanger å få et bord tilsvarende det hun har kjøpt. Butikksjefen beklager igjen. Han tilbyr henne i stedet et annet bord. Det er 2 meter langt og koster kr 5 500. Dette kan Lise få mot å betale mellomlegget på kr 1 000. Lise avviser dette og sier hun skal snakke med sin bror som underviser i rettslære på Kvindal videregående skole.

Senere på dagen søker Lise på nettet og finner ut at flere av butikkene i hagesenterkjeden *Grønt og billig* har bord tilsvarende det hun har kjøpt, på lager, men alle butikkene selger det til full pris, kr 15 000.

Dagen etter oppsøker hun igjen Hagesenteret i Kvindal og gjentar overfor butikksjefen at hun fortsatt har krav på bordet hun har kjøpt. Hun har snakket med broren, og han sier at her har selger ikke oppfylt sin plikt til å levere. Det er butikkens ansvar å skaffe henne bordet til den prisen hun har betalt. Butikksjefen mener dette er uaktuelt. Det eneste han kan tilby Lise, er at hun kan få tilbake kr 4 500. Hun skal også få en orkidé som koster kr 299, som plaster på såret. Lise gjentar at hun har krav på det bordet hun mener hun har kjøpt.

- Drøft de rettsspørsmålene oppgaven tar opp.

Denne sida er utan innhald. / Denne siden er uten innhold.

Denne sida er utan innhald. / Denne siden er uten innhold.

Schweigaards gate 15
Postboks 9359 Grønland
0135 OSLO
Telefon 23 30 12 00
utdanningsdirektoratet.no

Utdanningsdirektoratet